



**DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14-5940-13

9.1.2015

**HØYRING – OPPHEVING AV KOMMUNELOVEN KAPITTEL 5 B.  
SAMKommUNE**

**1. INNLEIING**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sender med dette på høyring eit forslag til lovendring som opphevar lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) kapittel 5 B. Samkommune. Under arbeidet har departementet halde eit møte med Innherred samkommune, Midtre Namdal samkommune og fylkesmannen i Nord-Trøndelag.

Departementet ber om synspunkt frå høyringsinstansane på forslaget til lovendring. Høyringsfristen er 13.4.2015. For å gi høyringsfråsegn, gå til [www.regjeringen.no/nb/dokumenter/hoyring-oppheving-av-kommuneloven-kapittel-5-b.-samkommune/id2358429/](http://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/hoyring-oppheving-av-kommuneloven-kapittel-5-b.-samkommune/id2358429/) Høyringsfråsegnene er offentlege etter offentleglova og blir publiserte fortløpande. Vi ber om at høyringsinstansane vurderer om saka bør sendast vidare til underliggende organ, organisasjonar osv. som ikkje står på høyringslista.

Samkommunen er ein modell for omfattande samarbeidstiltak mellom kommunar, der eit betydeleg avgjerdsmynde blir overført til den interkommunale eininga. Samkommunen er ein eigen juridisk person og eit eige interkommunalt forvaltingsorgan.

Regjeringa ønskjer å gjennomføre ei kommunereform, jf. Prop. 95 S (2013–2014) *Kommuneproposisjonen 2015*. I proposisjonen blei det varsla at samkommunemodellen blir avvikla. Regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid ikkje er eit fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar. Regjeringa meiner at kommunesamanslåing er ei betre løysing for ein kommune som treng å samarbeide på så mange tenesteområde som det samkommunen gir høve til.

Samkommunemodellen fører til ei meir kompleks forvalting og kan svekkje transparens og kontroll ettersom viktige avgjerder blir flytta frå folkevalde organ til interkommunalt samarbeid. Lokaldemokratiet blir også best teke vare på ved at ein sikrar ei direkte linje frå veljarane til dei politisk ansvarlege.

Det er svært få kommunar som har teke i bruk modellen sidan han vart lovfesta i 2012. Dette tyder på at kommunane opplever modellen som mindre relevant. Det er oppretta to samkommunar. Innherred samkommune er eit samarbeid mellom kommunane Levanger og Verdal. Midtre Namdal samkommune består av kommunane Namsos, Overhalla, Namdalseid og Fosnes. Begge samkommunane ligg i Nord-Trøndelag fylke.

Avviklinga av modellen reduserer det totale talet på tilgjengelege modellar for interkommunalt samarbeid og forenklar dermed regelverket som gjeld interkommunalt samarbeid. Forslaget blir gjennomført ved å oppheve kommuneloven kapittel 5 B.

Departementet tek sikte på at lovendringa skal gjelde frå sanksjoneringstidspunktet. Dette vil seie at ingen nye samkommunar kan opprettast etter dette tidspunktet. Departementet foreslår ein overgangsperiode for dei eksisterande samkommunane, slik at desse samkommunane må vere avvikla seinast innan 1.1.2020.

## 2. GJELDANDE RETT

### 2.1 Modellar for interkommunalt samarbeid

#### *Innleiing*

Norske kommunar<sup>1</sup> kan i dag velje mellom ulike modellar for interkommunalt samarbeid. I tillegg til samkommunemodellen kan kommunane samarbeide gjennom vertskommunemodellen regulert i kommuneloven kapittel 5 A og etter kommuneloven § 27 (§ 27-samarbeid). Lov om interkommunale selskaper<sup>2</sup> (IKS-lova) og aksjelova<sup>3</sup> heimlar også begge modellane som kommunane kan bruke til samarbeid. Kommunar samarbeider også gjennom avtalar.

I utgangspunktet er det opp til kommunane sjølve å bestemme om dei vil opprette eller ta del i eit interkommunalt samarbeid, og kva oppgåver dei ønskjer å leggje til dette samarbeidet.<sup>4</sup> Alle interkommunale organ<sup>5</sup> får sitt mynde frå kommunestyra som er med i samarbeidet.

Dei interkommunale samarbeida utfører berre oppgåver og verksemld innanfor dei ansvarsområda og rammene for mynde som deltar i kommunane har gitt dei.

#### *Alternativ til samkommunen*

---

<sup>1</sup> Vidare i teksten bruker vi «kommunar» også om «fylkeskommunar», med mindre det tydeleg er gjort merksam på noko anna.

<sup>2</sup> Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper.

<sup>3</sup> Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper.

<sup>4</sup> Jf. likevel høvet til å gi pålegg i bl.a. kommuneloven § 27 2. ledd.

<sup>5</sup> Eit styre blir etter IKS-lova teknisk sett valt av representantskapet, jf. IKS-lova § 10 2. ledd.

Departementet anerkjenner at kommunar kan ha behov for å samarbeide om ulike oppgåver. Etter vår vurdering tilbyr det lovverket vi har, gode og relevante alternativ til samkommunemodellen.

Vertskommunemodellen i kommuneloven med og utan folkevald nemnd etablerer forsvarlege rammer for at kommunar (deltakarkommunane) skal kunne delegere avgjerdsmynde til ein annan kommune (vertskommunen). Modellen legg blant anna til rette for samarbeid om lovpålagde forvaltingsoppgåver som inneber offentleg myndeutøving. Modellen er ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt, men ligg til vertskommunen.

Kommunar kan også opprette eit styre til å løyse felles oppgåver, jf. kommuneloven § 27. Samarbeidet inneber ei etablering av eit interkommunalt avgjerdsnivå der styret får delegert avgjerdsmakt på eit avgrensa område. § 27-samarbeid kan vere ein del av kommunen, men truleg er desse som oftast sjølvstendige rettssubjekt.

IKS-lova og aksjelova blir også brukte når kommunar skal samarbeide. Dei to selskapsmodellane er eigna for forretnings-/næringspreg og ikkje offentleg myndeutøving. Begge lovene legg opp til at det aktuelle selskapet, som er eit sjølvstendig rettssubjekt, skal ha ein forholdsvis stor grad av økonomisk og forretningsmessig sjølvstende overfor eigarane. IKS-lova gjer det likevel mogleg å ha større politisk styring og kontroll enn det som aksjelova i utgangspunktet legg opp til.

Etter vårt syn dekkjer desse modellane det behovet kommunar har for å samarbeide på ein tenleg og forsvarleg måte.

## 2.2 Samkommunemodellen

Høvet til å opprette ein samkommune blei føydd til kommuneloven ved lov 25. mai 2012 nr. 28. Endringa skjedde ved at kapittel 5 B Samkommune blei føydd til. Lovendringa tok til å gjelde 1. juli 2012.

Kommuneloven § 28-2a. *Samkommune* lyder:

1. *To eller flere kommuner eller to eller flere fylkeskommuner (deltakerkommunene) kan vedta å opprette en samkommune for å løse felles oppgaver.<sup>1</sup> Vedtak om deltakelse i en samkommune treffes av kommunestyret eller fylkestinget selv.*
2. *Samkommunen er et eget rettssubjekt.*
3. *En kommune eller fylkeskommune kan ikke delta i mer enn én samkommune.*
4. *Øvrige kapitler i denne lov gjelder tilsvarende så langt de passer for samkommuner, med mindre annet er fastsatt i dette kapitlet. §§ 8, 12, 18 til 21, 27, 28-1 c, 28-1 d, 28-1 g, 48 nr. 4, 49, 50 nr. 8, 56 til 58, 60 og 61 til 75 gjelder likevel ikke.*

Forarbeida, Prop. 49 L (2011–2012), gjer nærmare greie for modellen. Modellen gjer det forsvarleg for kommunane å utføre sentrale lovpålagde oppgåver i samarbeid med andre. Modellen har likskapstrekk med vertskommunesamarbeidet, men medan sistnemnde er eigna for enkeltenester, var samkommunen tiltenkt eit breiare samarbeid på meir sektorovergripande oppgåvefelt. Samkommunemodellen går også lengre enn

vertskommunemodellen ved at kommunane som tek del i samkommunemodellen, overfører ansvaret sitt for å utføre oppgåvene til samkommunen.

Hovudføremålet med samkommunemodellen var å gi kommunane eit supplement til eksisterande modellar. Det blei lagt vekt på at modellen i større grad enn dei andre modellane ville gi deltakarkommunane høve til å leie dei oppgåvene dei samarbeidde om, på ein meir heilskapleg og samordna måte. Samkommunen var også tiltenkt store og ulike kjerneoppgåver.

Både kommunar og fylkeskommunar kan opprette samkommunar. Ein kommune kan berre delta i éin samkommune. Kommunestyret eller fylkestinget må sjølv vedta å delta i ein samkommune. Ein samkommune er eit eige rettssubjekt. Eit samkommunesamarbeid inneber etablering av eit nytt interkommunalt forvaltingsorgan som får likt avgjerdmynde overført frå alle deltakarkommunane.

Når samkommunen gjer avtalar med ein tredjepart, gjer han det derfor som sjølvstendig part. Deltakarkommunane blir ikkje sjølve direkte partar i avtalen. Samkommunen vil i prosessar som går for domstolen, kunne ha partsstilling, det vil seie vere saksøkt eller saksøkjær, og ein dom vil kunne rette seg mot samkommunen. Samkommunen kan også ha partsstilling over for andre styringsorgan, til dømes kan offentlege vedtak, løyve og liknande kunne rettast mot samkommunen.

Dei andre reglane i kommuneloven gjeld i utgangspunktet også for samkommunen. Dette gjeld likevel berre dersom ikkje anna er fastsett i kapittel 5 B i kommuneloven. Reglane om å oppløyse samkommunemodellen er gitt i kommuneloven § 28-2u:  
«*Samkommunen kan oppløses dersom deltakerkommunene er enige om det. Vedtak om oppløsning treffes av det enkelte kommunestyre eller fylkesting selv.*»

I forarbeida til paragrafen, jf. Prop. 49 L (2011–2012) s. 110, heiter det: «*Det følgjer av første punktum at samkommunen kan oppløysast dersom alle deltakarane er enige om det. Dette føreset vedtak i den enkelte deltagarkommunen. Dette vedtaket må etter andre punktum gjerast av kommunestyret sjølv. Denne myndigheita kan ikke delegerast til eit anna organ i deltagarkommunen.*»

### 3. VURDERING OG FORSLAG FRÅ DEPARTEMENTET

#### 3.1 Forslag og grunngiving

Regjeringa har sett i verk ei kommunereform, jf. Prop. 95 S (2013–2014) *Kommuneproposisjonen 2015*. Eit fleirtal i Stortinget sluttar seg til proposisjonen.<sup>6</sup> Propositionen varsla at samkommunemodellen blir avvikla. Det står vidare at regjeringa meiner at interkommunalt samarbeid ikkje er eit fullgodt alternativ til større og meir robuste kommunar.

---

<sup>6</sup> Sjå innstillinga frå kommunal- og forvaltningskomiteen: <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2013-2014/inns-201314-300/>

Regjeringa meiner at kommunesamanslåing er ei betre løysing for ein kommune som treng å samarbeide på så mange tenesteområde som samkommunen gir høve til. Kommunereforma skal legge til rette for ein kommunestruktur som ikkje gjer det absolutt nødvendig for kommunane å inngå i interkommunalt samarbeid for å kunne løyse dei lovpålagde oppgåvene sine.

Eitt av hovudargumenta for å innføre samkommunemodellen var at han ville gi høve til eit langsigtig, forpliktande og heilskapleg samarbeid som kunne bidra til gode fagmiljø og betre kvaliteten på tenestene i kommunane. Det meiner departementet i stor grad kan gjerast på andre måtar.

Svært få kommunar har teke i bruk samkommunemodellen sidan det blei mogleg og lovfesta i 2012. Det finst berre to<sup>7</sup> samkommunar i dag, der til saman seks kommunar tek del. Dette tyder på at modellen står fram som mindre relevant for kommunane.

Slik departementet ser det, blir også lokaldemokratiet teke best vare på gjennom direkte folkevalde organ. I samkommunen blir mynde overført til indirekte valde organ. Modellen kan vidare gi innbyggjarane mindre høve til innsyn og svekkje interessa deira for lokalpolitikk.

På bakgrunn av årsakene som er nemnde over, er det ikkje ønskjeleg at det blir oppretta fleire samkommunar. Samkommunane som finst i dag, bør også avviklast.

Forslaget til lovendring inneber at høvet til å samarbeide i form av samkommunemodellen fell bort. For det store fleirtalet av kommunar får forslaget ingenting å seie fordi svært få kommunar har teke i bruk modellen.

Departementet legg til grunn at dei kommunane som samarbeider etter modellen i dag, vil kunne finne andre gode løysingar lokalt. Der det er behov for interkommunalt samarbeid, vil dette bli dekt i det eksisterande lovverket elles.

Departementet foreslår derfor å oppheve kommuneloven kapittel 5 B Samkommune.

### **3.2 Når trer opphevinga i kraft, og overgangsordningar for eksisterande samkommunar**

Høvet til å opprette nye samkommunar bør avviklast så raskt som mogleg. Departementet foreslår derfor at lovendringane trer i kraft ved sanksjonering. Frå dette tidspunktet blir det ikkje høve til å opprette nye samkommunar.

Dei eksisterande samkommunane har behov for ei overgangsordning for å oppløyse samarbeidet. Departementet meiner det er tenleg å sjå prosessen med å avvikle dei to eksisterande samkommunane i samband med kommunestrukturprosessen som går i dag. Departementet legg derfor opp til ei overgangsordning for desse to samkommunane.

---

<sup>7</sup> Innherred samkommune ved kommunane Levanger og Verdal. Midtre Namdal samkommune som består av kommunane Namsos, Overhalla, Namdalseid og Fosnes. Begge samkommunane ligg i Nord-Trøndelag fylke.

Samkommunane må vere avvikla med verknad seinast 1.1.2020. Dette gir dei kommunane det gjeld, tilstrekkeleg tid til å tilpasse seg.

### **3.3 Praktiske sider ved avviklinga av samkommunane**

#### **3.3.1 Samarbeidsavtalane til samkommunane**

Dei eksisterande samkommunane blir i praksis oppløyste ved å reversere blant anna økonomisk ansvar og eigaransvar. Samarbeidsavtalen mellom dei deltagande kommunane skal regulere plikter som gjeld til dømes gjeld, lån og ansvarsdelar, jf. kommuneloven § 28-2e nr. 3. Det er derfor naturleg at samarbeidsavtalane som dei respektive kommunestyra har vedteke, er utgangspunktet for prosessen med å avvikle eksisterande samkommunar.

#### **3.3.2 Arbeidsrettslege sider ved verksemどsoverdraginga**

Departementet legg til grunn at tilbakeføring av verksemda i samkommunane til dei respektive kommunane er ei verksemどsoverdraging etter arbeidsmiljøloven.<sup>8</sup> Arbeidsmiljøloven kapittel 16 tek for seg rettar for arbeidstakrar ved verksemどsoverdraging. Reglane gir dei tilsette rettar med omsyn til lønns- og arbeidsvilkår, i tillegg til pensjonsrettar, reservasjonsrett og oppseiingsvern.

Reglane inneber at dei rettane og pliktene som følgjer av arbeidsavtalen dei tilsette har med samkommunen, blir overførte uendra til den nye kommunen. Arbeidsmiljøloven kapittel 16 sikrar også informasjon og drøfting med tillitsvalde, og tidleg informasjon til tilsette.

Reglane i arbeidsmiljøloven §§ 16-2 til 16-7 om rettane til arbeidstakrar ved verksemどsoverdraging gjeld på same måten når ein opprettar, går ut av eller oppløyser ein samkommune, jf. kommuneloven § 28-2d. I forarbeida er det også presistert at «*dersom det skulle vere uklart om reglane om verksemどsoverdraging skal brukast eller ikkje, bør arbeidstakrar uansett bli tilkjende dei rettane som føljer av arbeidsmiljøloven*», jf. Prop. 49 L (2011–2012) s. 78. Departementet legg også til grunn at avtalepartane følgjer reglane i hovudavtalen om medverknadsrett og medverknad ved avvikling av samkommunen.

Rettane og pliktene til dei tilsette i ein avviklingsfase blir derfor rekna som godt tekne vare på gjennom arbeidsmiljøloven og hovudavtalen.

#### **3.3.3 Avvikling av eksisterande samkommunar – inngåtte avtalar og forholdet til innkjøpsregelverket**

I møtet 19.11.2014 som departementet hadde med samkommunane, blei høvet til å overføre inngåtte kontraktar frå samkommunen til samarbeidskommunane (eventuelt ny kommune eller nye kommunar) etter at samkommunen var avvikla, tekne opp.

---

<sup>8</sup> Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)

Som eit sjølvstendig rettssubjekt er samkommunen eit eige pliktsbjekt (oppdragsgivar) etter innkjøpsregelverket, jf. lov om offentlige anskaffelser<sup>9</sup> § 2 og forskrift om offentlige anskaffelser<sup>10</sup> § 1-2. Som det følgjer av punkt 3.2 i høringsbrevet, legg departementet opp til ein overgangsperiode der dei to samkommunane har tidsrommet fram til 1.1.2020 på å oppløyse seg. Departementet ser det derfor slik at ein ikkje ubetydeleg del av kontraktane til samkommunane vil kunne vere utgått når avviklinga skjer. Vi oppmodar vidare samkommunane til å vurdere behovet for nye avtalar, lengda eller omfanget på dei og å informere avtaleparten om avviklingsprosessen som samkommunane er inne i.

Spørsmålet er kva som skjer med avtalar som må eller bør førast vidare, etter at samkommunen som avtalepart er avvikla.

For det første vil departementet peike på at dette vil kunne vere regulert i den aktuelle avtalen. Der dette ikkje er regulert, blir det eit spørsmål om innkjøpsregelverket er til hinder for at kontrakten blir overført til éin eller fleire av deltakarkommunane som ny avtalepart, alternativt at han blir overført til ein ny, samanslått kommune.

Departementet vurderer det slik at innkjøpsregelverket i utgangspunktet ikkje er til hinder for at ein inngått kontrakt blir henda over til ein ny oppdragsgivar, fordi den opphavlege oppdragsgivaren sluttar å eksistere. Der ein kontrakt som er inngått med samkommunen som oppdragsgivar, blir henda over utan at det blir gjort vesentlege endringar i kontrakten, er konkurranselementet om leveransen teke vare på ved inngåing av opphavleg avtale.

Noko anna vil etter vår vurdering kunne vere tilfellet dersom det i samband med overdraginga også blir gjort endringar i kontrakten som kan reknast som vesentlege endringar. Det vil ikkje ha vore konkurranse om desse endringane. Ei vesentleg endring er til dømes ei betydeleg utviding av det som skal kjøpast inn, eller prisen for dette. Vi viser i samband med dette til rettleiaren til Nærings- og fiskeridepartementet til reglane om offentlege innkjøp, og punkt 12.6 *Endring av eksisterende kontrakter.*<sup>11</sup>

### 3.3.4 Framtidig rettsleg ansvar for forvaltningsvedtak gjorde av eksisterande samkommunar

Samkommunane har i tida dei har eksistert, gjort vedtak på viktige tenesteområde som til dømes jordvern, plan- og bygningsrett, barnevern og sosialtenester. Det er viktig å sikre og formidle til innbyggjarane at desse tenestene som har lege til samkommunen, er trygge for dei, sjølv om samkommunen blir avvikla. Dette er også eit punkt som samkommunane har vore særleg opptekne av.

Mynde og ansvar for dei ulike områda som samkommunane i dag har ansvar for, blei overført frå dei enkelte deltakarkommunane då samkommunen blei etablert. Etter dei ulike særlovene som ligg til grunn for tenestetilbodet/vedtaka til samkommunen, er det deltakarkommunen som i utgangspunktet er ansvarleg. Når samkommunen skal avviklast, er det naturleg å sjå dette som ei reversering av prosessen med å overføre mynde til samkommunen; mynde og ansvar blir lagt tilbake til den enkelte deltakarkommunen med ansvar for innbyggjarane sine.

<sup>9</sup> Lov 16. juli 1999 nr. 69 om offentlige anskaffelser.

<sup>10</sup> Forskrift 7. april 2006 nr. 402.

<sup>11</sup> [http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/Konkurransepolutikk/Anskaffelsesveilderer\\_2013.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/FAD/Vedlegg/Konkurransepolutikk/Anskaffelsesveilderer_2013.pdf)

Når ein vurderer kven som har ansvaret for vedtak som samkommunen har gjort, når samkommunen ikkje lenger eksisterer, bør ein ta utgangspunkt i det som står over. Denne tilnærminga kjem også til uttrykk i samarbeidsavtalen for Innherred samkommune § 16, som lyder:

*«Dersom samkommunen opphører, eller dersom enkelte samkommunale oppgaver tilbakeføres til kommunene uten at samarbeidet opphører, vil den enkelte kommune sta rettslig og økonomisk ansvarlig overfor egne innbyggere (eller tidligere bosatte) for de vedtak som tidligere er truffet av samkommunen.»*

At den enkelte kommunen er ansvarleg overfor innbyggjarane sine, er etter departementets vurdering med på å skape ein trygg og smidig overgang frå samkommunen til kommunen som ansvarleg organ, i tillegg til å skape kontinuitet i ansvaret for forvaltningsvedtak som samkommunen har gjort.

#### **4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR**

Departementet går ut frå at lovforslaget ikkje vil føre til administrativt meir arbeid for andre enn dei kommunane som har teke i bruk modellen. For kommunane som blir omfatta, kan dei administrative konsekvensane vere av eit visst omfang, noko avhengig av kva type oppgåver dei har lagt til kommunesamarbeidet, og omfanget av oppgåvene. Desse kommunane må omstilla, oppløysast og organiserast på nytt i samband med tilbakeføringa av oppgåver. Den lange fristen for å avvikle samkommunane kan likevel medverke til at avviklinga blir planlagd og gjennomført på ein tenleg og kostnadsmessig god måte.

#### **5. LOVFORSLAG**

Departementet foreslår lovendringane som står nedanfor. Departementet gjer merksam på at det i tillegg vil bli utarbeida overgangsreglar for dei eksisterande samkommunane.

##### I

I lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) blir kapittel 5 B. Samkommune oppheva.

##### II

I lov 22. mai 1902 nr. 10 Almindelig borgerlig Straffelov (straffeloven) skal § 79 femte ledd lyde:

Er en fylkeskommune, *eller en kommune eller en samkommune* fornærmet, kan offentlig påtale begjæres av henholdsvis fylkesting, *eller* kommunestyre *eller samkommunestyre*. Fylkestinget kan gi fullmakt til fylkesutvalget, fylkesordføreren, fylkesrådet, faste utvalg og administrasjonssjefen. Kommunestyret kan gi fullmakt til formannskapet, ordføreren, kommunerådet, faste utvalg, kommunedelsutvalg og administrasjonssjefen. *Samkommunestyret kan gi fullmakt til samkommunestyrets leder, faste utvalg og administrativ leder.* Fullmakt kan bare gis for så vidt gjelder verdier eller interesser som vedkommende organ eller person forvalter eller fører tilsyn med. Fjerde ledet annet punktum gjelder tilsvarende. Tredje ledd gjelder tilsvarende i tilfelle en kommune utøver virksomhet

utenfor kommunen; *eller* en fylkeskommune utøver virksomhet utenfor fylkeskommunen ~~eller en samkommune utøver virksomhet utenfor samkommunen.~~

### III

I lov 13. august 1915 nr. 5 om domstolene (domstolloven) skal § 191 første ledd lyde:  
For staten er det statsministeren eller vedkommende departementschef, som tar imot  
forkyndelser og meddelelser; for en fylkeskommune er det fylkesordføreren; for en kommune  
er det ordføreren; ~~for en samkommune er det samkommunestyrets leder.~~

### IV

I lov 22. juni 1962 nr. 8 om Stortingets ombudsmann for forvaltningen  
(sivilombudsmannsloven) skal § 4 første ledd bokstav f første punktum lyde:

f) avgjørelser som etter bestemmelse i lov bare kan treffes av kommunestyret; *eller*  
fylkestinget ~~eller samkommunestyret~~ selv, med mindre avgjørelse er truffet av  
formannskapet, fylkesutvalget, et fast utvalg, kommunerådet eller fylkesrådet etter lov av  
25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner § 13.

### V

I lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfyllbyrdelse (tvangsfyllbyrdelsesloven) skal § 1-2 andre  
ledd lyde:

Pengekrav mot en kommune, fylkeskommune, ~~samkommune~~, et interkommunalt selskap,  
regionalt helseforetak eller helseforetak kan ikke tvangsfyllbyrdes etter kapittel 7, jf.  
kommuneloven § 55, lov om interkommunale selskaper § 23 og helseforetaksloven § 5.

### VI

I lov 17. juni 2005 nr. 90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven) skal desse  
endringane gjerast:

§ 1-5 andre punktum skal lyde:

Er dette et statlig organ, skal retten gi varsel om søksmålet til en kommune; *eller en*  
fylkeskommune ~~eller samkommune~~ som har truffet avgjørelse i saken i tidligere instans.

§ 2-1 første ledd bokstav b skal lyde:

b) stat, kommuner, *og* fylkeskommuner ~~og samkommuner~~,

§ 4-4 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Fylkeskommuner, *og* kommuner ~~og samkommuner~~ har alminnelig verneting der  
hovedadministrasjonen ligger.

§ 33-1 andre ledd skal lyde:

Pengekrav mot staten, en kommune, en fylkeskommune, ~~en samkommune~~, et interkommunalt  
selskap, et regionalt helseforetak eller et helseforetak kan ikke sikres med arrest.

### VII

Endringa gjeld frå den tid Kongen bestemmer.

## 6. FORSKRIFTSENDRINGER

Departementet foreslår denne endringa i følgjande forskrifter:

I

I FOR-2000-12-15-1423 Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)

§ 7. *Inndeckning av merforbruk i kommunale og fylkeskommunale foretak og samkommuner*

Et regnskapsmessig merforbruk i et særregnskap for kommunale og fylkeskommunale foretak som ikke er dekket inn over virksomhetens særregnskap i løpet av det år særregnskapet med manglende inndeckning ble lagt fram, skal føres opp til dekning ved en bevilgning på kommunens eller fylkeskommunens budsjett for det påfølgende år.

Dersom det regnskapsmessige merforbruket likevel ikke blir dekket inn i virksomhetens særregnskap som forutsatt i første ledd, skal merforbruket føres opp til dekning ved en bevilgning på kommunens eller fylkeskommunens budsjett for de påfølgende år inntil merforbruket er dekket inn.

For kommunale og fylkeskommunale foretak som driver næringsvirksomhet, er en negativ egenkapital å anse som et regnskapsmessig merforbruk etter denne bestemmelse første og annet ledd.

~~Et regnskapsmessig merforbruk i samkommunens årsregnskap (år 1) skal føres opp til dekning på samkommunens budsjett for det året årsregnskapet blir lagt fram (år 2). Dersom samkommunens regnskap ved årsavslutningen for år 2 viser at merforbruket fra år 1 ikke er dekket inn, skal samkommunen ved årsavslutningen for år 2 redusere merforbruket fra år 1 ved bruk av disposisjonsfond så langt det er midler på fondet. Samkommunen skal føre resterende del av merforbruket fra år 1 opp til dekning på samkommunens budsjett for år 3. Bestemmelsen i forrige punktum gjelder tilsvarende for påfølgende års budsjetter inntil merforbruket fra år 1 er dekket inn.~~

~~Dersom samkommunen etter reglene i fjerde ledd tredje punktum har ført et merforbruk fra år 1 opp til dekning i samkommunens budsjett for år 3, skal deltakerkommunene i sitt budsjett for år 3 føre opp et tilsvarende beløp som en særskilt bevilgning til samkommunen. Bestemmelsen i forrige punktum gjelder tilsvarende for påfølgende års budsjetter inntil merforbruket fra år 1 er dekket inn.~~

II

I FOR-2000-12-15-1424 Forskrift om årsregnskap og årsberetning (for kommuner og fylkeskommuner)

§ 5 Noter til årsregnskapet første ledd nr. 4.

For fordringer, langsiktig gjeld og kortsliktig gjeld skal angis det samlede beløp som gjelder krav på eller gjeld til kommunale og fylkeskommunale foretak etter kommuneloven kapittel 11, interkommunalt eller interfylkeskommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27 med eget særregnskap ~~og samkommuner etter kommuneloven kapittel 5B~~.

## § 9. Årsavslutningen

Tredje ledd:

Unntatt fra bestemmelsene om strykninger er avsetninger som er begrunnet i at midlene i medhold av lov, forskrift eller avtale er reservert særskilte formål. ~~Overføring av midler fra deltakerkommune til samkommune kan ikke avsettes til bundet fond i samkommunen, med mindre midlene i medhold av lov, forskrift eller avtale med tredjepart er reservert særskilte formål.~~

Femte ledd.

~~Dersom samkommunens regnskap ved årsavslutningen for år 2 viser at et merforbruk fra år 1 ikke er dekket inn, skal samkommunen ved årsavslutningen for år 2 redusere merforbruket fra år 1 ved bruk av disposisjonsfond så langt det er midler på fondet.~~

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jørgen Jahr Hopperstad  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*